



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:
17/42286-2

Dykkar referanse:
14/1235 – 17/9173

Vår dato:
05.04.2017

Orientering om utvida planområde – områdeplan for Alversund gnr. 137 bnr. 137 med fleire

Vi viser til motteken orientering om utvida planområde for områdeplan for Alversund. Planarbeidet er tidlegare varsla i 2009 og planområdet utvida i 2010.

Føremålet med planarbeidet er delvis endra, ettersom Kommunestyret i Lindås har vedteke å byggje ny Alversund skule. I denne samanheng må mellom anna tilkomst, parkering, busshaldeplasser og anna trafikal infrastruktur vurderast. Statens vegvesen vil oppmode til at kommunen veljar trygge løysingar som legg til rette for at fleire kan gå eller sykle til skulen.

Statens vegvesen har ein god dialog med Lindås kommune om utforming av tilkomsten til den nye skuletomten. I dette arbeidet legg vi spesielt vekt på tryggleik for dei mjuke trafikantane, men også framkome på fylkesvegen og tryggleik i kryss til skulen og ved skulebusshaldeplassen. I Alversund vert det fleire T-kryss på ein kort strekk, og det er viktig med tydeleg utforming for å sikre god avvikling og unngå ulukker. Handbok N100 Veg- og gateutforming skal liggje til grunn for val av løysingar.

I fylkesveg 565 må det settast av areal til venstresvingefelt for køyrande inn mot skulen. Det kan verte trong for utviding av planområdet langs Alverflaten for å få dette til.

I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak.

Statens vegvesen ser frem til er fortsatt godt samarbeid om val av trafikale løsingar for dette området.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Marianne Skulstad
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN